

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Nord-Trøndela.
 Tilleggsspørsmålnr. 36. Herad: Grong.
 Emne: Helsing, fakter og åtferd. Bygdelag: Namdalen.
 Oppskr. av: Martin Bjerken. Gard: Bjerken.
 (adresse): Øyheim. G.nr. 2 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Når det gjaldt måter å refsa folk på kan eg ikkje minnst at det vart gjort på nokkon skøiaraktig måte. Gjorde ikkje naboen skikkeleg arbeide kom det ikkje dei andre med meir enn at det kunde bli snakka og at den det gjaldt kunde bli erta av naboane. At det vart slått figurar i gresset åt den som somla med slåttén hørde ein aldrig nemnt. Heller ikkje at det vart sett opp halmfigurar åt den som somla med skuren. Forgreip nokkon seg på annan manns eigneluttar vart det ofte sak av det og den skuldige kunde bli bøtelakt. Vart nokko slikt ^{gjort} kunde den skuldige få juling. Folk hadde respekt både for juling og domstolane.

At det vart reist pålar eller stokkar mot veggen der karar var ute etter midnat skjærtorsdag og langfredag eller andre bestemte netter kan heller ikkje minnst her frå bygda. Kva som kunde hendast skal vera usakt men nokkon skikk trur ein ikkje at det var. Nokkon tradisjonel skøy i jula anna enn at ein kvan kunde klæ seg ut som julebukk eller julegjeit og gå gardimelleom kunde det vera.

Å legja utnamn på folk kunde det vera nokko av her i bygda som i andre bygder. ~~kunde det vera~~. Men det var mest på folk som kunde ha gjort seg skuldig i små-

stulder der det ikkje vart nokko meir av det. Eit slikt ^{namn} gjekk gjerne folk med heile si tid seinare.

At det var nokko bestemt namn på dei som gjekk på besøk juledagen veit ein ikkje at det var. Men so var det neppe nokkon som gjekk ut frå heimen juledagen. Den som hadde det uhellet at han ikkje fekk nokko nytt til jul måtte sitte på stabben julekvellen men at det var nokko utnamn på slike kan ein ikkje hugsa at det var. At det var nokko spesielt utnamn på dei som for- sømte nokko tradisjonelt påbod kan ein ikkje minnst.

Det er i dette og fleire ting at ein trur at det i bygda her har vore mindre av serlege tradisjonar enn det har vore i andre bygder. Det sjer soleids ut som det må ha komme impulsar inn i bygda i tidleg tid og teke det burt om det kan ha vore her eingong i tida.